

Sotra-løype på fylkestoppen

Vandreløypa mellom Glesvær og Telavåg er kåra til ei av dei ti beste løypene i Hordaland. I selskap med turistperler som Trolltunga.

Kysteventyret sitt arbeid med vandre-turisme gjev uttelling. I eit nytt løypekart for vandre-turisme i Hordaland er hundre løyper frå heile fylket valt ut og merka av. Fleire av løypene ligg i regionen Fjell, Sund og Øygarden.

Nordsjøløypa Glesvær – Telavåg er rangert blant ti på topp. «Vandring i Hordaland» får du i Informasjonen i Sartor Storsenter, hjå musea og utvalde reiselivsaktørar.

- Denne løypa er unik fordi ho ligg heilt i havkanten, og samstundes i så kort køyreavstand frå Bergen, seier prosjektleiar Line Steinsland Mosnes i Kysteventyret.

Kysteventyret er eit Gode Sirkclar-prosjekt, som skal utviklast til å få ei rolle i Hordaland som del av den nye reiselivsstrategien, og reiselivsorganisasjonen som er i emning. Eit tettare samarbeid både med Bergen Reiselivslag organisatorisk, og med arbeidsdeling på tenester og innhald, ligg i korta.

Kysteventyret vil ikkje utviklast som eige destinasjonsselskap, men kan ta ein posisjon som reiselivsaktør for å utvikla kystorientert



reiseliv i samarbeid med andre kystkommunar. Hordaland Fylkeskommune signaliserer tiltak for å fasilitera samarbeid med Nordhordland og Askøy, og samarbeid med Bergen Reiselivslag.

- I tråd med dei nye føringane frå Regjeringa, er det ønske om at Kysteventyret skal finne sin plass i ei større, regional satsing. Det ligg eit stort potensial i dette alternativet, seier seier Steinsland Mosnes.

- Det er viktig at nokon jobbar kontinuerleg med å profilere kysten, og hittil er det ingen som har teke den biten i reiselivssamanheng. Turistar ønskjer meir temabaserte aktivitetar og det å utarbeide gode «kystprodukt» til destinasjonen Bergen vil vere ein vinn-vinn-situasjon for byen og distrikta, seier prosjektleiaren i Kysteventyret.

- Vi har søkt om 300.000 kroner frå Hordaland Fylkeskommune til å sikra utvikling av Kysteventyret, og fått positiv tilbakemelding på søknaden. Eg er svært optimistisk, legg ho til.

Vegen vidare for Gode Sirkclar

- Vi held fram med å sikre vidareføring av dei berekraftige prosjekta som Gode Sirkclar har vore pådrivar for, seier Sigmund Kvernes.

Sjølv om eigarane har ulike meiningar om korleis arbeidet til Gode Sirkclar skal finansierast, ønskjer Styret at det interkommunale arbeidet med å fremje næringsutvikling held fram i Fjell, Sund og Øygarden.

Med i jakta på talenta

Rekrutteringsprosjektet til Gode Sirkclar og Vest Næringsråd er blitt ein del av Vekstlandet, det største rekrutteringsprosjektet i landet nokonsinne.

Rekrutteringskampanjen Vekstlandet vart presentert på Næringskonferansen i Vest, i regi av Gode Sirkclar og Vest Næringsråd, i samarbeid med Askøy Næringslivsforening, Askøy kommune og Business Region Bergen 29. november. Utdanning og rekruttering stod i fokus på konferansen.

Vekstlandet skal skaffe naudsynt kompetanse til bedriftene som vel å delta, og rettar seg mot alle bransjar. Verksemdar som ønskjer det kan få i pose og sekk, om dei vel ei pakkøløysing der dei òg får tilgang til det lokale rekrutteringsprosjektet, i regi av Gode Sirkclar og VNR – som primært skal skaffe ingeniørar og anna teknisk kompetanse til Sotra-bedriftene.

Tal som vart presenterte av Rektor Ole Gunnar Søggen ved Høgskolen i Bergen viser at det ikkje nokon stader i landet er så få ingeniørar blant innbyggjarane, som på Vestlandet. Ei undersøking som vart gjennomført av Gode Sirkclar og VNR blant kommunar og næringsliv i Fjell, Sund og Øygarden tidlegare i år, stadfestar at behovet lokalt er store. Det er bakgrunnen for det lokale Rekrutteringsprosjektet.

Fleire av innspela på konferansen kan takast med i det vidare arbeidet, meiner dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirkclar.

- Det var svært interessant å høyre korleis Nav EURES arbeider med å rekruttere kompetanse frå den europeiske arbeidsmarknaden, seier han.

Kvernes vil òg trekkje fram den aukande interessa frå Askøy, med moglegheit for samarbeid når det gjeld rekruttering.

- Her ligg fleire moglegheit for oppfølging, seier Ivan O. Moldskred i Gode Sirkclar, leiar for Rekrutteringsprosjektet.

Gode Sirkclar skal i samarbeid med leiinga i dei tre kommunane gjennomgå avtalene som verksemda og selskapet byggjer på, og leggja fram resultatet av denne gjennomgangen for Styret i selskapet. Resultatet av styrehandsaminga skal så leggjast fram for eigarane av selskapet.

- Det er på dette tidspunktet ikkje grunnlag for å initiere større regionale satsingar, seier dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirkclar. Men han ønskjer ikkje å svartmale den økonomiske situasjonen.

- Det er framleis mogleg, med streng prioritering, å bidra til å utløyse ressursar utanfor kommunane som kan vere viktige bidrag i utvikling av nærings- og samfunnsliv, legg han til.

Gode Sirkclar vil framleis bidra til den marine satsinga i Sund, gjennom eit samarbeid med Business Region Bergen, som har prosjektansvaret. Sjømatgruppen VNR, tidlegare Sotra Marine Industrinettverk (SMI), er ein nøkkel i den regionale satsinga.

- Vi vil òg sikre vidareføring av Kysteventyret, i tråd med føringar frå Styret i Gode Sirkclar og Hordaland Fylkeskommune. Vi vonar at det er grunnlag for ei eige bransjegruppe for reiselivsbedriftene i Vest Næringsråd, seier Kvernes.

Trass i at Sund kommune ikkje bidreg med pengar til Gode Sirkclar i år, vil dei framleis nyte godt av fylkeskommunale midlar til regionale satsingar. Eit døme på det er Etablerartenesta, som Gode Sirkclar framleis skal ha ansvaret for. Arbeidet med kompetansetilførsel til dei som møter etablerarar i kommunane held fram i Etablerarforum Vest.

NCE Subsea, med fokus på ingeniørutdanninga på Straume, og samarbeidet med Sotra Vidaregåande Skule gjennom Kompetansenettverk Vest er viktige fokusområder for Gode Sirkclar i 2013. Det same gjeld Praksisnær utdanning på alle skulenivå.

- Å bistå små og mellomstore bedrifter gjennom Verkstedsgruppen VNR blir ei prioritert oppgåve. Vi ønskjer å utvide nettverket til å omfatte bedrifter knytt til mekanisk og teknisk industri i dei to andre kommunane òg, ikkje berre Fjell, seier Kvernes.

Ei anna prioritert oppgåve i år er å bistå Øygarden i arbeidet med å utvikle ein plan for strategisk næringsutvikling, i samarbeid med kommunen.

For Fjell kommune er ein i gang med ei satsing kalla «Framtidas helse- og omsorgstenester». Gode Sirkclar held fram med å bidra, og skal no i gang med å implementere tiltaka i dei kommunale tenestene i Fjell, noko som kan utviklast regionalt på sikt.